

KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 2

Mars 1986

40. årgang



TALAR OG HELSINGAR



DALE KYRKJEKOR SYNG



JON VILLY SØV




PRESTANE ET ERTERSUPPE



VAKSDAL KYRKJEKOR SYNG

ein for alle



Ein fårleg mann

"Inga tvil! Jesus er fårleg! Lèt vi han halda fram såleis, kjem snart alle til å tru på han."

Det høge rådet var samla. Otten var stor. Dersom Jesus fekk folket på si side, kunne det verta uro og oppstand. I verste fall ville romarane kome og gjere ende på heile folket. Kva skulle dei gjere?

Ei enkel løysing

Øvstepresten Kaifas fann løysinga: "De skjønar ingen ting," sa han. "De tenker ikkje på at det er betre for dykk at eit menneske dør for heile folket enn at heile folket går til grunne."

Det var jo enkelt, ikkje sant? Å ofre den eine for at dei andre kunne gå fri. Ved å lata Jesus døy, kunne folket leva trygt. Soleis var tankegangen. Og frå denne dagen la dei planar om å drepa Jesus.

Løysinga var enkel, men ussel. Å skyva eit anna menneske framfor seg inn i døden for å spara seg sjølv og sine, det er usselt og feigt.

Ei overraskande fortsetjing

Noko heilt anna er det når nokon gjev livet sitt heilt friviljug, for å berge andre. Det er noko av det mest edle vi kan tenkja oss.

Og her nærmar vi oss den store over raskinga.

Jesus vart drepen. Frå ei side sett skjedde det eit brotsverk: Ein uskuldig mann vart hengd på krossen.

Men frå ei anna side sett, skjedde eit kjærleikens mirakel: JESUS gav livet sitt friviljug. For å redde menneskeheita! Jesus kunne ha unngått døden om han hadde villa. I staden gjekk han inn i den med opne auge og viljugt sinn. Kvifor? Av di menneskeheita trong nokon i staden for seg.

Den uskuldige Jesus tok på seg skulda vår. Han vart sára for våre brot. Sundbroten for våre synder.

Soleis fekk orda til Kaifas ei mykje djupare oppfylling enn han sjølv var klår over. Den eine døyde for dei mange.

Her er vi ved krossens løyndom. Den kan samanfattast i to ord: ISTADENFOR OSS.

Kjell Arne Norum

GODT NYTT for 11-åringar



Det no andre året at "Godt nytt" - Det nye testamentet, er blitt delt ut til 11-åringane på Dale og Stanghelle. No er dei kome etter på Vaksdal og IKO (Institutt for kristen oppseding), har lagt opp eit program for denne fasen på same måte som for 4-åringane med "Mi kyrkjebok" og 7-åringane med "Vi går i kyrkja". Ein ynskjer at borna skal bli kjende med Det nye testamentet alt på dette alderssteget, og ikkje venta heilt til konfirmasjonstida.

Ved Stanghelle skule går 4. og 5. klasse i lag, og det høvde då å ta baa desse årskulla med i år. Dei møtte fram ved familiegudstenesta i Dale kyrkje 2. februar og fekk sitt Ny-testamente. Borna var og med aktivt i gudstenesta med vakkert blokkfløytespel til inngang og utgang. Sidan det var familiegudsteneste, var det søndagsskuleteksten som vart nytta, og borna var med og dramatiserte hendinga om "Den store fiskefangsten". Etterpå var det

kyrkjekaffe/brus for borna og foreldra deira. Det er positivt at ein på denne måten kan knyta heimen, skulen og kyrkja saman i ei felles oppleving kring det at dei fekk denne boka.

5. klasse på Dale hadde diverre ikkje høve til å møta i kyrkja denne sun-dagen. I staden kom sokneprest Meidell på skulen i ein time der dei fekk "Godt nytt". Han hadde då nokolunde det same opplegget som ved gudstenesta.

Både på Stanghelle og Dale har elevane i tillegg fått eit arbeidshefte som dei nyttar i kristendomstimane, slik at dei skal bli betre kjende med Det nye testamentet. Det er meininga at det vert ei skulegudsteneste som markerer avslutninga på dette opplegget.

På Vaksdal hadde dei utdeling 26.jan. og der valde dei å starta med 4. kl. Res. kap. Norum var på skulen og orienterte om dette og inviterte til gudstenesta. Borna fekk Testamenta før preika, slik at dei sjølv kunne fylgja med når teksta om såkornet vart lesen. Borna deltok og med song. Etterpå var det felleskyrkjekaffi. Presten har sidan vore ein time i klassen og samtalt med elevane og fortalt om Bibelen.

RT



VAKSDAL SOKNERÅD

Gudrun Boge Karlsen, soknerådsformann i Vaksdal, seier at det ho er mest opp-tatt av i denne valperioden, er at soknerådet må kunne koma med tilbod til menneske med ulik bakgrunn og med ulike forhold til etablerte kristne miljø. Dette krev eit samarbeid med dei som driv det arbeidet som alt no fungerer, samt å vera opne for nye idear, som t.d. dåpsundervisning.

Skal eg kalla noko hjartesa mi, seier ho, må vel det vera at vi må bli i stand til å gjera noko for dei av dei eldre som er einsame. Likeeins er det særskild viktig for meg at vi må presentera kristendomen slik at alle skjønner kor enkelt det er, - at det er ein-skiildmennesket som tel, ikkje ytre former.



Frå venstre: Kjell Arne Norum, Bjørn Knutsen (varamann for Per Nordmark), Nils A. Helle, Gudrun Boge Karlsen, Wenche Faugstad Bleiklid, Bjørg Ulevik, Nils Farestveit

STORFEST PÅ STANGHELLE

jfr. forsida.

Ja, det var på Stanghelle dette gjekk føre seg. Der vart det feira i stor stil at vi har fått to nye prestar. Stanghelle, Dale og Vaksdal gjekk saman om dette arrangementet. Og folk møtte mannsterke fram frå alle dei tre plasane, både som festdeltakarar og bidragsytarar. Eit tre timar langt program med god mat, mykje song og musikk, talar og helsingar og presentasjon av dei to prestane gjorde det til ei gild oppleving. Det var stort å oppleva fellesskapet på tvers av kyrkjelyds-grensene.

Og konklusjonen for alle var vel denne: Dette må gjentakast!

- Og vi treng vel ikkje vente på å få endå to nye prestar før vi prøver att?



Eit glimt frå eit festpynta og fullsett Stanghelle bedehus

KYRKJELEG FELLESRÅD

Dette er eit felles organ for representantar for alle sokneråda samt teknisk leiår i kommunen og ein representant for formansskapet. Fellesrådet handsamar saker som gjeld budsjett, kyrkjer og kyrkjegardar.

Biletet er teki på fellesrådsmøtet i februar.



Frå venstre: Anne Berit Straume, Per Hatlestad, Kjell Arne Norum, Lasse Vassenden, Ragnar Trohjell, Asbjørn Nese, Inge Christian Meidell, Per Småbrekke, Gunvor Tyssen, Gudrun Boge Karlsen, Karin Johanne Rosvold, Sigfrid Helle, John Birkeland

OPEN SAMTALEGRUPPE

MÅNDAG 7. APRIL KL. 19.30 I BERGSDALEN, KYRKJEKJELLAREN

EMNE: "OMSORG FOR VÅRE ELDRE/FORELDRE".

ME VENTAR PÅ DEG. TA GJERNE MED NOKRE GODE VENER



Glimt frå ei tidlegare samling i Moseshuset på Dale. Kjell Arne Norum innleidde til samtale om emnet "Omsut i kvardagen". Rom.15,7 "Difor skal de ta imot kvarandre, liksom Kristus tok imot oss, til Guds ære."



'Alle kan vera sjelesørgarar.



Alle kan hjelpa nokon, ingen kan hjelpa alle.

Konfirmantelg på Fagertun

Den 28. februar i år reiste 12 konfirmantar frå Dale, Stanghelle og Eidsland til Fagertun i Eksingdalen på konfirmantelg. Det var 6 leiarar med. Då me kom fram, fekk me vita kor me skulle sova, og sidan me ikkje var så mange, fekk alle plass i det nye bygget. Me åt kveldsmat, og etterpå var det hyggjekveld med andakt, all-song m.m. Det vart litt seint før det vart heilt ro om kvelden!!!

Klokka 8 neste morgon måtte me stå opp. Det var frukost klokka halv ni. Etterpå var det bibeltime ved Inge Christian Meidell. Nokre tok seg ein skitur, og nokre gjekk til butikken på Lavik. Det var ikkje akkurat så fint ver medan me var der, men me hadde det gøy

inne likevel. Vi fekk sjå ein film som heitte "Oh, happy day". Etterpå skulle vi svara på nokre arbeidsoppgåver frå filmen. Laurdagskvelden var det to frå ungdomskoret KEY som hadde mykje kjekt program. Odd Alvheim heldt ein liten andakt.

Sundag var me i kyrkja på Flatekval. Det var dåp og nattverd. Nokre av konfirmantane var oppe til nattverd. Så var det attende til middag, rydding og heimreis. Men på grunn av snøras, gjekk ikkje rutebussen, og me måtte få ekstrabuss til å henta oss. Eg trur at dei fleste likte seg på denne turen.

Randi Takvam

PÅ KYRKEVEG



UTDRAG FRÅ ÅRSSTATISTIKKEN FOR KYRKJELYDANE

	Dale	Vaksdal	Eidsland	Stamnes	Bergsd.	Eksinged.	Nesheim
Antal gudst.	44	29	17	22	19	12	13
Deltakarar ved gudst.	4410	3015	691	2209	847	359	545
Døyppte	28	10	6	10	4	0	5
Vigsler	3	3	1	1	0	0	1
Nattverdgdj. i kyrkja	372	311	54	285	149	79	118
Konfirmantar	30	12	4	12	3	3	4
Soknerådsmøte	8	7	sjå Stamnes	9	5	6	7
Ofringar	49.731,-	46.488,-	9.288,-	31.586,-	7.844,80	6.103,60	8.504,70

Når det gjeld stillingar, ser ynskjelista slik ut:

Felles kyrkjeverge og soknediakon, kyrkjelydssekretær til Vaksdal og klokkar og ringjar til Eksingedalen.



BARNESIDE



JESUS DØYDDE FOR DEG.

Vi skal feira påske igjen. Du gler deg sikkert til påskeferien. Då håpar vi på fint ver, med sol og blå himmel, slik at vi kan få fine turar på ski eller til fots. Det er fint og godt å få koma ut slik. Mange blir så opptatt med dette, at dei lett glemmer kvifor vi har påske.


Ja - kvifor har vi påske? I påsken skal vi på ein særleg måte minnst det Jesus gjorde for oss menneske. Vi feirar påske for å minnst at Jesus lei, døydde og stod opp igjen for oss. Jesus døydde på krossen for å frelsa oss - fria oss - frå syndene våre. Vi hadde fortent straff - ja evig død p.g.a. synda. Så sender Gud Jesus til jord som vår Frelsar, vår bergingsmann. Jesus tar vår straff på seg. Jesus døyr i staden for oss. Vi har mykje å takka Jesus for.

I Esaias 53,5 står det slik:

"Han vart såra for våre brot, og sundbroten for våre synder, straffa låg på han, så me skulle få fred, og ved hans sår har me fått lækjedom."

Jesus ber oss koma til seg og ta imot det han har gjort for oss. Den som tar imot Jesus - trur på han - får forlating for syndene sine og evig liv.

Tenk om vi denne påskehelga kunne stansa opp for det Jesus har gjort for oss. Då skulle vi få gode og fine dagar enten vi er heime eller på tur.



G	O	L	G	A	T	A	E	K	B
E	R	P	E	T	E	R	J	H	A
T	A	I	M	A	R	I	A	M	R
S	K	L	V	F	K	M	O	P	A
E	A	A	E	M	M	A	U	S	B
M	I	T	I	L	N	T	K	I	B
A	F	U	J	O	S	E	F	M	A
N	A	S	D	S	L	A	G	O	S
E	S	J	U	D	A	S	H	N	B

Klarte du å finna dei bibelske namna på forrige barneside? Her er ei ny oppgave. Denne gongen er her person og stadnamn som vi høyrer om i samband med påsken. (Det er 11 namn). Lukke til! Så ynskjer eg alle ei riktig god påskehelg.

Reidun Skurtveit

ved korset

Det var ved korset eg møtte Han,
og der det meg bandt eit blikk
frå dei augo som bedande brann
mot mine - alt anna ikring meg det svandt.

Men dei augo, - å, dette brennande blikk,
som søkte meg, spørjande, der kor eg gjekk - -
dei augo som brast -, eit spørsmål eg fekk:
Elskar du meg?

Då var det eg stansa. - Og alt det eg såg
meg smerta og sveid, der eg skjelvande låg
ved korset, - eg vende mitt syn derpå.
Tenk, Guds son i min stad.
Han hvis augo i dødsstunda brast i ei bøn,
ei bøn og for meg!

Der knelte eg ned
ved korset hjå han, som bar dødskampens sved,
Guds son som for syndare sonande leid - -

Eg kan ikkje meir.
Dei augo som sökande i mine vil sjå
og som spørjande, brennande ber:
Elskar du meg?

Som Peter eg svara: Herre, du veit
alt som i hjarta og liv er ureint,
det som av synda er smitta og dåra
og berre ditt elskande hjarta har såra.

Elskar deg , dyraste frelsar, -
alt som på jord er kalla mitt liv,
skal høyra deg til, du som dyrt har betalt.

Elskar deg, Herre - mi einaste bøn
er å få fylgja deg, Himmelens son.
Soleis eg no elskar deg!

J. St.

Sanct Johannes-Guttene

Også i år vil Sanct Johannes-Guttene (Akershus Slottskirkes guttekor) syngja i prestegjeldet vårt. Det byrjar å verta tradisjon at dei gjester oss ved påsketider. Tidlegare år har konsertane deira vore store opplevingar. Så vi oppmoder alle om å møte opp for å høyre songen deira.
Stamnes krk. Palmelaurdag kl 19.30
Dale krk. Palmesøndag kl 19.00

„Alminnelig skriftemål„

Langfredag kl. 10.30 vert det alminnelig skriftemål i Vaksdal kyrkje før gudstenesta. Det skjer på den måten at vi tek del i ei felles skriftemålsbøn. På grunnlag av denne bøna tilseiest forlating for syndene med handspålegging framme ved alteret. Ein slik form for skriftemål har vore lit nytta på vår kant av landet, men har lenge vore meir vanleg andre stader.

Velkomen til samtale

Prestane har teigeplikt. Vi tek imot alle som ynskjer å samtale om personlege spørsmål. Ta gjerne kontakt med oss - det er ofte godt å få dele vanskelege tankar og kjensler med ein annan.

KANO

Har du bil?

Ta andre med deg
når du køyrer til
kyrkje!!!



Orgelfond på Vaksdal

Vaksdal kyrkje treng sårtil eit nytt orgel. No er det oppretta eit orgelfond, og på salmekvelden kom det inn vel 1700 kr. Ein god start - og no vonar vi på at det held fram like godt. Bidrag kan sendast til: Vaksdal sokneråd, orgelfondet, bankgiro 3500.67.10133.



Slå på tråden ...

eller skriv nokre ord til meg, dersom du har tips eller gode idear om stoff til bladet. Vi er avhengige av samarbeid dersom bladet skal verta aktuelt for alle.

Takk til dei som har sendt inn sine bidrag! - Og til deg som går og trur at ditt ikkje er godt nok: Ver ikkje falsk smålåten! Eg tek imot alt med takk, men må ha rett til å forkorte innlegga, om dei blir for lange.

Frist for innlevering av stoff til neste nr. er 1.mai.

Tove Margrete

Frå kyrkjebøkene

Døypte



DALE

02.02. Preben Helming
" Linn Vik Indrebø
16.02. Tor Johnsen Indrebø
" Rolf Arne Johnsen

VAKSDAL

02.03. Kim Erik Marx Larsen

EKSINGEDALEN

02.03. Kristian Nese

Vigde



DALE

04.01. Truls Dalseide og
Sølvi Helen Steien

Avlidne



DALE

02.02. Trygve Andreas Ekanger f.1902
10.02. Guri Dale f.1902
12.02. Torbjørg Bogetvedt f.1901

BERGSDALEN

20.01. Anna Øie f. 1900

STAMNES

18.02. Marie Grøsvik f. 1906
20.02. Margit Stamnes f.1905

EKSINGEDALEN

01.02. Lars B. Nygaard

VEIEN I VERDEN

Mel.: La meg få høre om Jesus

Veien i verden jeg vandret
i frå den tid jeg var ung.
HAN har i sannhet forandret
byrden som ble meg for tung.
Refr.: HAN, som på korset vant seier
og tok all skylden på seg -
Lyset og livet han eier,
å det ble redning for meg.

Lange og lengtende stunder
etter GUDS kjærlighet stor.
Her i de landlige lunder
såg jeg en blomstrende jord.

I blandt de mange i mørke
i gjennom kampen og strid -
med den allmektige styrke
ble det en lysere tid.

Syng om vår Fader og Broder
eneste trofaste venn.
Takk for de himmelske goder,
- stille vår morgenen renn.
Refr.: HAN, som på korset vant seier
og tok all skylden på seg -
Lyset og livet HAN eier,
å det ble redning for meg.

God påske 1986.
Adolf Jensen



VELKOMEN TIL KYRKJE

23.mars - Palmesundag.

STAMNES kl.18.00.Fam.gudst.v/sp.
Meidell.Offer til Kirkens Nød-
hjelp,fastebøssene.

NESHEIM kl.11.00.Fam.gudst.v/sp.
Meidell. Offer til Kirkens Nød-
hjelp. Kyrkjeskys.

BERGSDALEN kl.13.00.ved skulen
sportsandakt v/res.kap.Norum.

DALE kl.19.00.konsert v/St.
Johannesguttene.

27.mars - Skirtorsdag

DALE kl.11.00.v/res.kap.Norum.
Nattverd.Offer til Kirkens SOS.
Kyrkjeskys. Innsamling av fastebøssene.

EIDSLAND kl.17.00.V/res.kap.
Norum.Nattverd.Offer til Kirkens
Nødhjelp.

BERGSDALEN kl.11.00.V/sp.Meidell.
Nattverd.Offer til Kirkens Nødhj.

28.mars - Langfredag

STANGHELLE kl.17.00. V/res.kap.
Norum.Offer til Bjørgvin Bispe-
dømeråd.

VAKSDAL kl.11.00.V/res.kap.Norum.
Nattverd.

EKSINGEDALEN kl.11.00. v/sp.
Meidell.Nattverd.Offer til
leirstaden Fagertun.

30.mars - 1.påskedag.

DALE kl.11.00.v/sp.Meidell.Offer
til Det norske Misjonsselskap.
Kyrkjeskys. Innsamling av fastebøssene.
VAKSDAL kl.11.00.v/res.kap.Norum
Offer til Norsk Luthersk Misjonssamb.

NESHEIM kl.11.00.v/res.kap. i Olsvik
Einar Skudal. Høgtidsgudsteneste.
Predikant: vikarprest Gunn Berit
Gulbrandsen. Nattverd. Offer til
Norges Kristelige Ungdomsforbund sitt
arbeid i Bergen.
St. Markus ungdomsklubb og Loddefjord
og Nygård ungdomsklubb deltek.

31.mars - 2.påskedag

STAMNES kl.11.00.V/res.kap.Norum.
Nattverd.Offer til Norsk Luthersk
Misjonssamband.

EIDSLAND kl.11.00.sp.Meidell

6.april - 1.sundag etter påske.

VAKSDAL kl.11.00.sp.Meidell,Offer
til Norges Samemisjon.

EKSINGEDALEN kl.11.00.v/res.kap.
Norum og sekretær Kåre Hellem.
Offer til Nordhordland Indremisjon.

13.april - 2.sundag etter påske.

DALE kl.19.00.v/res.kap. Norum.
Nattverd.Offer til Kirkens Nødhj.
fastebøssene.Kyrkjeskys.
STAMNES kl.11.00.V/res.kap.Norum.
Offer til I.K.O.

20.april - 3.sundag etter påske.

VAKSDAL kl.18.00v/sp.Meidell,Nattv.
NESHEIM kl.11.00v/res.kap.Norum.
Nattv.Offer til Menighetsfakultetet.
BERGSDALEN kl.11.00. v/sp.Meidell.
Offer til Den norske Santalmisjon

27.april - 4.sundag etter påske.

DALE kl.11.00. v/sp.Meidell.
Kyrkjeskys.

forts. neste side

preikeliste forts.

1.mai - offentlig høgtidsdag.

DALE kl.? v/res.kap.Norum.Offer
til Kristne Arbeideres forbund.
VAKSDAL kl.? v/sp.Meidell.Offer
til Kristne Arbeideres forbund.

4.mai - 5.sundag etter påske.

DALE kl.11.00. kofirmantgudst.
sp.Meidell.Offer til Dale sokne-
rås. Kyrkjeskys.

VAKSDAL kl.11.00.konfirmantgudst.
res.kap.Norum.Offer til sokneråds-
arbeidet.

8.mai - Helgetorsdag.

VASSBAKKENSTEMNA i Stamnes.v/sp.
Meidell og res.kap.Norum.

11.mai - 6.sundag etter påske.

STAMNES kl.11.00.konfirmantgudst.
res.kap.Norum.Offer til leir-
staden Fagertun.
EIDSLANDET kl.11.00.konfirmantgudst.
sp.Meidell.Offer til soknerådsarb.

Krist stod opp av daude
i påskemorgonraude.
Så syng no høgt og sjeleglad
hans kyrkjelyd i kvar ein stad:
Ère vere Gud i det høge!

Krist stod opp med velde,
han synd og daude felde.
Så syng no høgt og sjeleglad
hans kyrkjelyd i kvar ein stad:
Ère vere Gud i det høge!

Krist stod opp med heider,
han oss til himlen leiær.
Så syng no høgt og sjeleglad
hans kyrkjelyd i kvar ein stad:
Ère vere Gud i det høge!

Grundtvig / Blix

Vaksdal prestegjeld

Sokneprest:
Inge Christian Meidell
tlf. 596120

Res. kap.:
Kjell Arne Norum
tlf. 597088

Hugs, måndagen er presten
sin fridag!
Kontorassistenten kan
treffast på kontoret på
Dale måndagar kl 18-22
tlf. 596120

Utgjevar: Sokneråda. Bladpengar: kr. 45,- (eller meir!)

Postgiro 5 72 34 73 Bankgiro 3500.50.13117

Bladstyrar: Tove Margrete Nordmark, Boge, 5270 Vaksdal, tlf. 597201

Kasserar: Asle Georg Karlsen, Boge, 5270 Vaksdal, tlf. 597232

Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese, tlf. 05 - 555045

Retur til Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese